



BORE KYRKJE

SETT - FAMNA - UTFORDRA

Møteprotokoll

Råd: Bore sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: 11.03.2025
Tid: kl. 19:00

Følgjande møtte:	Rolle
Hilde Eikeland	Andre
Ivan Fjeld	Medlem
Junhild Voll Frøyshov	Medlem
Marita Midtun Finstad	Medlem
Terje Skår	Medlem
Torunn Renate Bore	Leiar
Åsmund Steinnes	Medlem
Dan Egil Skrikrud	Vara
Gunnar Thorset	Vara

Forfall
Elisabeth Kvamsøe Jørgensen

Varamedlem

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
25/012	Godkjenning av innkalling
25/013	Godkjenning av protokoll
25/014	Samtale om arbeidet
25/015	Årsmøte 2025
25/016	Gudstenestene i Bore
25/017	Gudstenesteliste hausten 2025
25/018	Misjonsprosjekt 2025 -2031
25/019	Oppfølging frivillige
25/020	Informasjon frå og til fellesrådet
25/021	Eventuelt

25/012 Godkjenning av innkalling

Forslag til vedtak:
Innkalling blir godkjent.

Det ble meldt 2 saker til eventuelt.

BS - 25/012 Vedtak:
Innkalling godkjent.

25/013 Godkjenning av protokoll

Forslag til vedtak:
Protokoll fra møte 11.02.25 er godkjent.

BS - 25/013 Vedtak:
Protokoll fra møte 11.02.25 er godkjent.

25/014 Samtale om arbeidet

Forslag til vedtak:
Soknerådet samtalar og gjer vedtak i møte.

1. Påsken:

Palmesøndag Bore kyrkje kl 11; Komiteen med Junhild, Torunn Renate, Elise Lindtveit, Kristina Kåstad og Åsmund planlegg.

Skjærtorsdag Bore kyrkje kl 19.00; Ola Ohm spelar

Langfredag Bore kyrkje kl 11.00; Ola Ohm spelar

Påskedag Bore kyrkje kl 11.00; Elin spelar

Påske sammen 2.påskedag i FOKUS kl 11.00; Anette er med i komiteen. Prøv å tipse Jærbladet om dette.

3. Konfirmant fest: Rigge mandag 31.mars kl 19.30. Dan Egil har nøkkel.

4. Kyrkjestove: Soknerådet tenker eit bygg som først og fremst rommar plass til kyrkjekaffi og søndagsskule. Og gjerne eit rom som kan nyttast som gymsal/ ha gym aktivitetar i. Me kan godt leige lokale i andre bygg til trusopplæring ol når det er mest hensiktsmessig.

Tips om å lage ein modell av kyrkja eller ny kyrkjestove i lego og syne med klossar i ein sylinder kor mykje me har samla inn.

BS - 25/014 Vedtak:

Soknerådet tek saka til etterretning.

25/015 Årsmøte 2025

Forslag til vedtak:

Soknerådet samtalar om sakene som kom opp på årsmøtet, og planlegg vidare oppfølging.

Skryt til Torunn Renate for god åpning. Det kom mange rosande ord til soknerådet på årsmøtet. Sakene som me følger opp vidare gjeld ny kyrkjestove, og vert diskutert under dette punktet på møta framover. Soknerådet er opptekne av at me må bruke den flotte kyrkja vår, og at det er mange moglegheiter til å leige lokale i nærleiken til dei aktivitetane som treng meir plass.

Konfirmantarbeidet kjem me attende til under eventuelt.

BS - 25/015 Vedtak:

Soknerådet tek saka til etterretning.

25/016 Gudstenestene i Bore

Forslag til vedtak:

Soknerådet samtalar og gjer vedtak i møte.

BS - 25/016 Vedtak:

Soknerådet takkar alle som er med i komitéarbeid, og i utføring av dei ulike gudstenestene. Dei gjer ein flott jobb for menigheten! Soknerådet har drøfta dei tilbakemeldingane som har kome ang dei ulike gudstenestene, og har følgande innspel som vil bli gitt i samtale med dei ulike gruppene:

Familie gudsteneste; Bibel eller babbel fungerer så bra! Veldig kjekt med så mykje involveringen av barna i sang, drama og dans. Soknerådet ønsker ein fast song som går att på familiegudstenester.

G1; Veldig bra med med-songarane, dei lyfter kvaliteten på gudstenestene. Soknerådet ønsker at det er ei salme frå nyare tid (gjerne "bedehus salme") på kvar gudsteneste, og at ein vurderer kor mange vers ein bruker når salmane er lange.

G2; Veldig kjekt med intervju og oppfordring til å lese bibelen. Gode og gjennomarbeida tema. Soknerådet ønsker at det vert lagt inn nokre liturgiske ledd i gudstenesta. Og at ein er medviten på tidsbruken slik at det ikkje vert for lenge for ungane på søndagsskulen. Oppdatert songliste vert formidla til G2 bandet via organist.

25/017 Gudstenesteliste hausten 2025

Forslag til vedtak:

Soknerådet vedtek gudstenestelista for hausten 2025

BS - 25/017 Vedtak:

Soknerådet vedtek gudstenestelista for hausten 2025, men ønsker å vere med på felles Jærgårds gudsteneste søndag 24.aug i FOKUS, og heller ha fyrste gudsteneste 17.august om mogleg.

25/018 Misjonsprosjekt 2025 -2031

Forslag til vedtak:

Bore sokneråd vel.....som misjonsprosjekt frå august 2025 – juli 2031.

BS - 25/018 Vedtak:

Bore sokneråd vel Ungdom i Oppdrag - unådd folkegruppe i Sentral-Asia, som misjonsprosjekt frå august 2025 – juli 2031.

25/019 Oppfølging frivillige

Forslag til vedtak:

Bore sokneråd ringer alle frivillige i menigheten innan april møtet.

Dagleg leiar sender ut oppdatert mal for spørsmål til frivillige, og liste over kven som skal ringast.

BS - 25/019 Vedtak:

Alle i soknerådet får udelt ei liste kvar med navn på frivillige, og ringer desse før neste sokneråd.

25/020 Informasjon frå og til fellesrådet

Forslag til vedtak:

Soknerådet samtalar og gjer vedtak i møte.

Fellesrådet endrar dataleverandør frå juni 2025.

Fellesrådet har sendt svar på høyring ang ny fordelingsmodell for finansiering av kyrkjeleg undervisning (Trusopplæring). Marita orienterte.

BS - 25/020 Vedtak:

Soknerådet tek saka til etterretning.

25/021 Eventuelt

Forslag til vedtak:

Soknerådet samtalar og gjer vedtak i møte.

Folk sette seg bak i kyrkja når dei kjem. Soknerådet vil ha fleire lengre frem.

Soknerådet vart orientert om situasjonen i konfirmantarbeidet, og gjekk gjennom foreløpig plan for konfirmantåret 25/26.

BS - 25/021 Vedtak:

1. Det skal lagast lappar med **reservert** til dei bakerste benkene i kyrkja.
2. Soknerådet godkjenner foreløpig plan for konfirmatåret 25/26.